

Strategi- og næringsavdelinga

Arkivsak 200800577-16
Arkivnr. 027
Saksh. Torgersen, Matti

Saksgang

Vestlandsrådet

Møtedato

02.12.2008 - 03.12.2008

FORVALTINGSPLANAR FOR HAVOMRÅDA

SAMANDRAG

Det skal utarbeidast forvaltingsplanar for alle havområda. Forvaltingsplan for Norskehavet er vedteke av Stortinget. Det blir teke sikte på å leggje fram forvaltingsplan for Norskehavet våren 2009, og det er lagt fram tre fagrapportar som grunnlag for denne planen. Arbeidet med forvaltingsplan for Nordsjøen inklusiv Skagerrak er påbegynt.

Havstrategidirektivet i EU legg til grunn ei økosystembasert forvaltning i alle havområde innan 2015 gjennom regionale forvaltingsplanar med tiltaksplanar for alle havområda innanfor EU sin jurisdiksjon. Målet er at forvaltingsplanane skal sikre ein god miljøtilstand i havområda innan 2020.

Forvaltingsplanen for Norskehavet tek særleg føre seg konsekvensane av utviklinga innan petroleum, skipsfart og fiskeri, samt forhold som klimaendringar og forsuring av hava.

I motsetnad til dei to andre forvaltingsplanane, er Nordsjøen eit avgrensa havbasseng omkransa av ei rekkje land, og krev eit internasjonalt samarbeid mellom desse landa og EU-kommisjonen. Dette gjer arbeidet meir komplisert enn for dei andre to områda.

FORSLAG TIL VEDTAK

Vestlandsrådet ønskjer å halde seg orientert om forvaltingsplanen for Nordsjøen, og ber fylkesrådmannen kome attende til saka på eit seinare tidspunkt.

Paul M. Nilsen

Jan Per Styve

Innleiing

Vestlandsrådet har i fleire saker tidlegare handsama saker knytt til EU sin maritime politikk. Ma. orienterte statssekretær Elisabeth Walaas i UD om dette under siste møte i Vestlandsrådet.

Eit av punkta Elisabeth Walaas særleg la vekt på, var at det skal utarbeidast forvaltingsplanar for alle havområda innan 2015. I denne saka vert det orientert om status for dette arbeidet, og drøfta korleis Vestlandsrådet kan arbeide vidare med denne saka.

Grunnlaget for forvaltingsplanane

Havstrategidirektivet i EU legg til grunn ei økosystembasert forvaltning i alle havområde innan 2015 gjennom regionale forvaltingsplanar med tiltaksplanar for alle havområda innanfor EU sin jurisdiksjon. Målet er at forvaltingsplanane skal sikre ein god miljøtilstand i havområda innan 2020, Noreg har vore ein pådrivar for utarbeiding av slike forvaltingsplanar.

Noreg har starta opp arbeidet med tre forvaltingsplanar, for hhv. Barentshavet, Norskehavet og Nordsjøen. Det norske arbeidet med forvaltingsplanane blir leia av ein interdepartemental styringsgruppe leia av Miljøverndepartementet. Nedanfor gir vi ein kort status for dette arbeidet.

Forvaltingsplan for Barentshavet

Forvaltingsplanen vart lagt fram som St. meld nr. 8 (2005-2006) ”*Helhetlig forvaltning av det marine miljø i Barentshavet og havområdene utenfor Lofoten*”. Stortinget har gitt sin tilslutning til utarbeiding av heilskaplege forvaltingsplanar for dei andre havområda.

Forvaltingsplan for Norskehavet

Denne planen gjeld for området mellom Stad 62⁰N og nord til 80⁰N inkluderer djupvassområde i Norsk økonomisk sone vest for Barentshavet og i fiskerivernsona ved Svalbard, samt Fiskerisona ved Jan Mayen og ”Smutthavet”. Det er lagt fram tre fagrappporter som grunnlag for forvaltingsplanen. Det er gitt høve til å uttale seg om desse sakene med frist 25. november.

Det har vore ei høyringskonferanse i Ålesund 11. november.

Kort om innhaldet i dei tre fagrapportane

”*Utredning av konflikter mellom næringer og mellom næringer og miljøinteresser*”: Målet er å vurdere konfliktane som kan oppstå ved at næringane skal utøvast innanfor delvis dei same areala i Norskehavet. Det er særleg sett på arealkonfliktar mellom fiskeri, petroleumsverksemd og skipsfart.

”*Utredning av kunnskapsbehov*” samanstiller overvåkings- forskings og kartleggingsbehov som er kome fram gjennom arbeidet.

”*Utredning av samlete konsekvenser*”: Det er sett på mulege konsekvensar i dagens situasjon og i 2025. Framtidsbiletet er vurdert i følgje 4 ulike sektorar:

- Petroleum: Det vert tre nye gassfelt og eit kystnært oljefelt utanfor Mørkysten, samt eit nytt eksportrøyr for gass. Sannsynlegheita for gassutslepp om lag som i dag.
- Skipsfart: Auke i heile området, hovudsakleg grunna auka tankartrafikk til og frå Russland. Auka sannsynlegheit for utslepp av petroleumsprodukt.
- Fiskeri: Framtidsbilete er usikkert, då det heng saman med tilstanden for fiskebestanden, m.a. på grunnlag om det er muleg å oppnå internasjonal semje om effektiv regulering av fiske.
- Ytre påverknad: Kan bli klimaendringar, forsuring av havet og auka skipstrafikk.

Økosystemet si forfatning blir vurdert til å vere god, men det er dels stor påverknad på miljøet der botntrål vert brukt. Vi veit likevel lite om kva dette har å seie for totalbestanden av fisk. For nokre sårbare område bidreg høgt fiskepress, bifangst og fiske med botnreiskap til negative konsekvensar. Langtransport forureining kan få stor betydning for det arktiske frontområdet og iskantsona. Dette

skuldast av miljøgiftbelastninga saman med effektane av klimaendringar begynner å nærme seg det som einiskilde sjøfuglartar og isbjørn kan tåle.

Ulykkeshendingar som førar til utslipp av olje, kjemikaliar og radioaktivt avfall er vurdert. Særleg blir ulykkeshendingar med olje vurdert å kunne føre til dei alvorlegaste konsekvensane. Dette gjeld særleg for forureining av strandområda og for sjøfugl.

Fram mot 2025 blir det antatt at forsuring i havet saman med klimaendringar kan bli synlege for korallar og andre botndyr med kalkskjelett, og kan føre til endringar i artssamansettinga av plantep plankton. Dette kan påverke næringskjedene, men samanhengane er kompliserte og det er stor usikkerheit om kva konsekvensane vil vere.

Det blir antatt at fram mot 2025 vil forvaltninga av dei særleg verdifulle områda bli meir økosystembasert. Dette saman med teknologiutvikling vil kunne føre til at fiske får færre konsekvensar for dyrelivet. Det blir antatt at regulering av skipsfart og petroleumsverksemd vil føre til reduserte konsekvensar av desse næringane. Dei største utfordringane vil vere forsuring av havet, klimaendringar og langtransportert forureining. Auka petroleumsaktivitet utanfor Møre og ved Jan Mayen fører til noko auka konsekvenspotensial i desse områda, mens redusert oljeverksemd i andre felt vil redusere dette potentialet i desse områda.

Det er planlagt lagt fram ei stortingsmelding om forvaltingsplan for Norskehavet i løpet av våren 2009.

Forvaltningsplan for Nordsjøen

Forvaltningsplanen for Nordsjøen skal omfatte områda i norsk økonomisk sone sør for Stadt, inklusiv norsk del av Skagerrak.

Førebuingar til forvaltningsplanen for Nordsjøen er starta opp. Det er oppretta ei faggruppe for førebuing av arbeid med ei framtidig forvaltning. Faggruppa starta opp arbeidet våren 2008, og skal vere avslutta i 2010. Faggruppa er leia av SFT, og består for øvrig av relevante statlege etatar. Etter dette vert arbeidet med sjølve planen igangsett.

I motsetnad til dei to andre forvaltningsplanane, er Nordsjøen eit avgrensa havbasseng omkransa av ei rekkje land, og krev eit internasjonalt samarbeid mellom desse landa og EU-kommisjonen. Dette gjer arbeidet meir komplisert enn for dei andre to områda.

Mandatet for faggruppa er:

- *”Kartlegge hvilke grunnlagsdata som må innhentes for at datamaterialet skal være tilstrekkelig som grunnlag for en regional forvaltningsplan for Nordsjøen. Utredningen om samme problemstilling allerede igangsatt av SFT vil inngå som en del av dette. Kartleggingen vil samtidig bidra til å avdekke de største manglene i kunnskapsgrunnlaget.*
- *Vurdere hvilke tema som i dag ikke dekkes av QSR 2010¹, men som bør inngå i forvaltningsplanen.*
- *Videreføre Tilførselsprosjektet. Prosjektet har som mål å anslå utslipp og tilførslene av forurensninger, inkludert radioaktivitet, fra alle kilder til sjø.*
- *Arrangere et fagseminar med Nordsjø-fylkesmennene, Fiskeridirektoratets regionskontorer og øvrige relevante regionale myndigheter om helhetlig forvaltning av Nordsjøen. Formålet med seminar er å fremme helhetlige løsninger i kunnskapsoppbygging og forvaltning. Seminaret skal herunder belyse sammenhengene mellom vann-, kyst- og havmiljøarbeid. Forslag til dagsorden og tema ark for fagseminaret sendes styringsgruppen for vurdering minimum to måneder før seminaret planlegges avholdt.*

¹ Konvensjonen om bevaring av det marine miljø i Nordøst-Atlanteren (OSPAR) skal leggje fram sin tredje felles statusrapporten for det marine miljøet i området. Denne rapporten skal blir kalla for QSR 2010, som står for Quality Status Report 2010. Rapporten vil dekkje dei miljøvurderingane som krevst under EU sitt havstrategidirektiv (fylkesrådmannen si forklaring).

- *Vurdere mulig samordning og utvikling som kan fremme helhetlige løsninger i kunnskapsoppbygging og forvaltningen av vann, kyst og hav.*
- *Kystverket arbeider videre med å vurdere grunnlaget for organisering og tidsløp for arbeidet med seilingsleder utenfor Sør-Norge og i Skagerrak.”*

Fylkesrådmannen sine kommentarar

Forvaltningsplanane for havområda er viktige dokument, og det er vesentleg for kystfylka å følgje med og å gje innspel til desse prosessane. Dersom Vestlandsrådet opprettar ei ad-hoc gruppe for arbeid med EU sin maritime strategi, kan det vere naturleg at denne gruppa også fokuserer på forvaltningsplanane for havområda.

Eg vil rå til at forvaltningsplan for Nordsjøen blir sett på dagsorden på eit seinare møte i Vestlandsrådet. Det kan vere naturleg å invitere berørte partar til møte.